



## Notat

Dato: 16.05.2017  
Arkivsak: 2015/10633-47  
Saksbehandlar: marerik

### Svar på spørsmål - oversikt over tunnelar under 500 m

I møte 2. november 2016 gjorde Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne slikt vedtak:

*Rådet ber om at høyringa til Regional transportplan vert teke opp som sak i rådet for menneske med nedsett funksjonsevne innan høyringsfristen.*

*Det etterlystast ein oversikt over tunnelar som er under 500 m, som og skal brukast av gåande og syklande. Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne ønskjer ein plan over opprusting, der ein ser på fysiske skille mellom harde og mjuke trafikantar.*

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne har sendt innspel til Regional transportplan Hordaland. Endeleg vedtak av den regionale planen er sak i fylkestinget i juni 2017.

#### Svar på spørsmål knytt til tunnelar under 500 m

Nasjonal vegdatabank<sup>1</sup> (NVDB) er ein database med informasjon om statlege, kommunale, private, fylkes- og skogsbilvegar. Ut frå NVDB har Statens vegvesen henta ut ei liste over tunnelar, under 500 meter, i Hordaland som ein kan sykle og gå gjennom. Dette gjeld totalt 127 tunnelar. 92 av desse ligg på fylkesveg (sjå vedlagte excelark).

At tunnelane er opna for gang og sykkel inneber ikkje at det er lagt til rette med fortau/g/s-veg i tunnelen. Det er eit krevjande arbeid å utarbeide ein plan for opprusting med fysisk skilje mellom gåande/syklande og køyrande. Ut frå dei fylkeskommunale økonomiske rammene er det ikkje prioritert å etablere slike fysiske skilje i tunnelar under 500 meter.

For meir informasjon om konkrete prioriteringar viser fylkesrådmannen til Regionale transportplan og Investeringsprogram for fylkesvegnettet. Investeringsprogrammet skal bygge på overordna føringar som er gitt i Regional transportplan Hordaland 2018-2029 og gje ei prioritering av prosjekt og tiltak som skal byggjast i perioden 2018-2021. Investeringsprogrammet skal på høyring hausten 2017, med sikte på endeleg vedtak i fylkestinget i desember 2017. Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne vil få invitasjon til å gje sin uttale til investeringsprogrammet.

#### Vedlegg

- 1 Notat frå Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 9. november 2016
- 2 Fylkesvegtunneler under 500 m med g/s - Hordaland

<sup>1</sup> NVDB: <https://www.vegvesen.no/vegkart/vegkart/#kartlag:geodata/@600000,7225000,3>